

Ersgard (gnr. 49)

Kommentar fra Opplandsarkivet:

Gard nummer 57 Bu ble i gammel tid brukt under Ersgård og ble i perioder kalt Nedre Ersgård. Dette siste navnet kan også forveksles med en del av Ersgård som også en periode ble kalt nedre Ersgård.

Ersgard: Gardnamn som kjem av namnet Erikr. I Fåberg finn ein såleis gardsnamnet skrivi: i 1539 Erickgord, i 1578: Erizkgaardt. Den avstutta forma Ersgaard er alt i brukt i 1604. Av tingbrevet frå 1539 går det elles fram at garden da var i privat eige. Uttalen av namnet i bygdemålet har i lange tider vore Ersgard.

Ersgard var kring 1600 alt ein av dei største gardane i bygda. I 1594 vart han ført blant dei 28 gardane som alle betalde den ekstra bygningsskatten etter høgste utlikning 60 skilling. I 1610 er Ersgard rekna i gruppa for fullgardar. Det er da vidare fortalt at brukaren heitte Eivind, og at Eivind Ersgard var ein kjend og vörd mann i bygda. Han var såleis vald lagrettemann i rettssaka mot Sire Olsdr. Det var ho som vart dømd til døden fordi ho og hadde fått barn med Mads, som før hadde barn med syster hennar.

Av Odelsjordboka 1624 går det elles fram at Eivind Ersgard var odelseigande bonde. Han åtte da jordegods til 1 hud landskyld i Ersgard og til 2 skinn i Bu i Ål i Fåberg. I 1636 var Eivind Ersgard ved lensmannsstemning stemna av Peder Randgard til å møte på tinget, men han møtte likevel ikkje. For det laut han svara ½ dalar i bot.

I 1657 var Ersgard vorte delt i to gardar, brukaren på den eine heitte Torgeir, og brukaren på den andre Ole. Gardsnamnet er da skrive Ersgaard, og det er fortalt at buskapen hos Torgeir var 2 hopper, 112 naut, 8 geiter, 10 sauer og 2 griser. Frå same året er og ei Odels Jordebog Anno 1657, der det er fortalt at Torgeir Ersgard sjølv åtte 1 hud 2 skinn i sin gard, og Oluf, som han der er kalla, åtte 1 hud jordgods i sin.

Etter atter 8 år fortel Mannkjønntalet 1665 meir, især om den mannlege arbeidskrafta på gardane. Der er det da opplyst at brukarane på Ersgard egentleg heitte Torgeir Håkonson og Oluf Jonson, og dei brukte halvparten av garden kvar. Den samla landskylda av garden var da 4 huder 4 skinn, og Ersgard var da utlagd til militær ryttargard. Brukarane var i sin beste alder, Torgeir var 46 år og Oluf 50 år, og dei dreiv med lite framand arbeidshjelp. Men det er fortalt at gamle Kristen Buu, som da var 70 år, var husmann på garden, og det er dessutan tatt med at han var ”tigger”.

I 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Ersgard fortalt at landskylda av garden var 4 huder eller 6 pund smør. Av dette åtte brukarane Oluf og Torgeir sjølve jordgods til 3 pd. smør. Åse Kleva åtte jordgods i Ersgard til 2 pd. 8 mrk. smør, og Maria-kyrkja åtte provstigods for 1 hud. Om gardsbruket i den tid er det vidare fortalt at enga, innmarka på Ersgard var god, at det var skog til gards bruk og dessutan tømmerkog, og at Ersgard hadde seterbol på Melsjøen seter. Buskapen av store husdyr var ad 6 hestar og 36 naut, og korntienda vart utreidd med 4½ td., som altså svara til ei årsavling på 45 tdr. Det er elles opplyst at Ersgard hadde eiga kvern som dei svara ½ ort i kverntoll av, og at dei der truleg også mol for andre. – Tretti år seinare var i 1697 Iver Torgeirson vorte brukar på Ersgard øvre. Han fekk da skjøte frå justits- og kammerråd Brem på ”gaardepladsen Ersgaard i Faaberg av skyld 1 hud”. Handelen galdt som ein skjønar det jordgodset av Ersgard til 1 huds skyld som Maria-kyrkja før hadde ått.

I 1710 heitte brukarane på Ersgard Peder og Iver. Dei og Siver og Tosten Holme let da tinglesa ein bygseddél på å ”indhegne sig sæterløkker på Kjössæteren, hver på 2 lass hø og derav svare 4 skilling til mands”. Året etter let i 1711 Peder på Ersgard nedre tinglesa eit

gavebrev frå Sønnøv Olsdtr. på ½ huds jordgods ”i hans påboende gaard Ersgaard mot at forsørge henne til hennes død”.

Tolv år seinare kom matrikkelframlegget av 1723 med nyare opplysningar om gardane. Der er det om bae gardane Ersgard fortalt at dei ligg i sollia, at dei er lettbrukte og at jordarten er god. Det var rikeleg med skog, seter med god hamn og utslåtter til kvar av gardane på fleire lass høy. Høyavlinga i det heile utgjorde på kvar gard kring 30 lass, buskapen på kvar av gardane var 3 hestar, 16 naut og 30 småkrøter, og den årlege utsæden utgjorde 6 tdr. bygg og litt rug.

Frå same året er og ei større rettssak som etter utskrift er bokført slik:

”Ersgård i Fåberg.

Ertsgaard i Faaberg 22. okt. 1723.

Åstedssak Asbjørn Randgaard, Johannes Holme og enken Marit Jensdatter Holme kontra Peder og Iver Ersgaard ang. en inn hegning som Ersgaard har gjort ovenfor sin gård til en hjemhage, som citanterne mener er dem til fornærmelse.

Avsagt: Det er med vidner bevist at Randgaards og Holmes beboere fra alders tid tillikemed Ersgaard har hatt felles bruk og havn i den påstevnet Hjemhage, som Peder og Iver Ersgaard i vår har indhegnet og som strekker sig tilfjelds. Om Ersgaard for en 30 år siden har hatt en hjemhage sammesteds, har det ikke været av bestandighet. Randgaards og Holmes besiddere har ingen annen vei tilfjelds end gjennom den omtvistede hage og har ingen hjemrast. Thi kjendes for rett: Peder og Iver Ersgaard bør igjen utlegge hva de har indhegnet og samme stykke mark forbli til felles nytte og bruk for Ersgaard, Randgaard og Holme som forhen, men nederste bakken under nedre høyden bør Ersgaard ha for sig med havn, hugst og bruk, uhindret av citanterne. Dog skal drifte og kjøreveien alltid være åben. Peder og Iver Ersgaard betaler citanterne 5 rd. i omk.”

I 1732 hadde foged Stenersen overtatt ombodet i Sør-Gudbrandsdal. Han gav da bevilling til Peder og Iver Ersgard m. fl. på fiskevatna Melsjøen av skyld 2 skinn. – Men i 1737 gav Peder Ersgaard skjøte til son sin Kristen Pedersen på odelsgarden Ersgaard av skyld 2 huder, 2 skinn for 600 rd. + føderåd til foreldra. Mot dette skjøte protesterte Tord Pedersen Kasterud, som oppga å være den eldste son av Peder Kristensen med ”hans første hustru Anne Torsdtr., som han var trolovet med, men som døde før vielsen. Tord Pedersen mener derfor å være mer åsædeberettiget til Ersgård enn sin halvbror Kristen Pedersen og protesterer mot dette skjøte og reserverer sin rett til lovlig tid og sted.” Om denne saka vart det i lang tid mye strid innen ætta.

To år seinare var elles gamle Peder Christensen død, og det var skifte på ”Ersgaard nedre i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordgodset Ersgård taksert for 400 rd., og dødsbuet utgjorde brutto 1144 rd. og netto 941 rd., så det var velstand på Ersgard nedre i den tid. Arvingane ved skiftet var forutan enka Mari Larsdtr. Dei 4 sønene etter den avdøde. Av dei var sonen med Anne Torsdtr., Tord Pedersen, da 42 år. Kristen, eldste son med Mari Larsdtr. var 30 år, fullbroren Lars var 26 år og fullbroren Ole 22 år. – Året etter var det skifte på ”Bue under Ersgård i Faaberg”. Dette namnet som ein ofte finn skrive Bue, skal elles uttalast Bu utan e-lyd. Den døde her på Bu i 1741 var Paul Olsen, og dødsbuet utgjorde netto 31 rd. Arvingane var her: 1. halvbroren Kristen Jonsen, fullsøstra Marit Olsdtr. g. m. Jacob Larsen, 3. mora Malene Larsdtr.

I mellomtida hadde det dessutan vore skifte på Ersgard øvre, der husbondsfolka Iver Torgeirson og hustru Ingrid Pedersdtr. valde å ha skifte med borna sine medan bae foreldra var i live. Av dette skifte går det fram at matr.skylda på Ersgard øvre da var 1 hud 8 skinn, og arvebuet utgjorde brutto 900 rd. og netto 881 rd. og at det var velstand her som på grannegarden. Arvingane ved skiftet var her dei 5 voksne borna. Av dei var sonen Torgeir da

35 år, dottera Ingrid var gift med Hans Henningsen, dottera Marit var gift med Rasmus Besserud, dottera Goro med Erik Tordsen og dottera Maren var enda ugift. I 1742 var det Ole og Tord som brukte Ersgard. Dette går fram av er noko merkeleg sak som i avskrift har denne ordlyden:

”Ersgård i Fåberg.

Fåberg 16. febr. 1742.

Sognepresten i Ringsaker, hr. Christopher Ancher har innstevnt Nils Skjeggestad, Ole Pedersen Ersgaard og Mogens Tommesen Ersgaard til å forklare om hans hester som har gått til havn i fjellmarken, har vært brukt av andre. Likeså var innvarslet Tord Pedersen Ersgaard. Mogens Tommesen, som hadde tjent hos Tord Ersgaard mente at han i fjor hadde brukt fremmede heste ved Melsjøen som var merket med A og som vidnet hadde hørt sige skulle tilhøre Ringsakerpresten. Hestene blev brukt efter Tord Ersgaards ordre. Ole Pedersen Ersgaard forelegges å møte til neste ting.

16. juni 1742.

Ole Pedersen blev avhørt og oppgav at de hadde brukt fremmede hester og at Tord Ersgaard hadde været med. Tord Ersgaard fremla sitt skriftlige innlegg og tilbød å betale 1½ rd. som citantens sakfører nektet å motta. Han begjærte det passerede beskrevet og forbeholdt tiltale.”

Frå seks år seinare er ei kontrakt mellom Torger Iversen Ersgaard, Asbjørn Elevsen Skårset og Erik Willumsen Holme henhørende til den nordre stule på seteren Melsjøen og Kristen Pedersen, Peder Rasmusen Storberge, Thord Pedersen Storberge henhørende til den søndre stule på samme seter angående delet mellem stulernes havninger.” Etter tre nye år gav i 1751 Torger Iversen og Kristen Pedersen bygselseddel til Jon Andersen og hustru på ”en under deres grd. Ersgaard til og underliggende husmannsplass Haugen kaldet i gårdens Hiem Enger beliggende.” Samtidig gav dei og bygselseddel til Ole Mogensen og hustru på ”en deres gård Ersgaard til og underliggende husmandsplads Bue beliggende på Bue Ødegarden mot en årlig avgift av 1 rd.”

Året etter var i 1752 Torger Iversen død, berre 52 år gamal, og det var atter skifte på Ersgaard i Fåberg. Ved dette skiftet utgjorde dødsbuet brutto 2915 rd. og netto 2671 rd.

Arvingane ved skiftet var forutan enka Eli Pedersdtr. dei 5 borna i ekteskapet: 1. Peder 11 år, 2. Iver 9 år, 3. Amund 6 år, 4. Inger 3 år, 5. Torgeir 22 veke. Enka Eli Pedersdtr. Giftn seg oppatt same året med Amund Syversen Ersgaard.

Om rydding av plassen Ersgaardshaugen fortel ei tinglyst kontrakt som etter utskrift har denne ordlyden:’

”Amundsen , Christen.

Kontrakt dat. 18. april 1773 tgl. 7. okt. s. å. Eierne av Lysgaard, Ertsgaard, Randgaard og Holme neml. Nu avdøde Erick Johansen Lysgaard, Iver Torgersen Ertsgaard, Asbjørn Pedersen Randgaard, Povel Holme og Asbjørn Hammerseng har anlagt åstedsprosess mot Christen Amundsen som har bygget og opryddet en rydningsplads tett ved disses gaarder. De inngår sådant forlik: at rydningspladsen skal følge og tilhøre brukerne av Lysgaard, Ertsgaard, Randgaard og Holmen. At Christen Amundsen forlater og ryddiggjør pladsen til førstkommende 14. april 1773. At pladsen Ertsgaardshaugen med sine huse og innhegninger skal være ham til fuldkommen bruk og rådighet i 10 år uten mindste avgift, hvilke skal være for hans anvendte arbeide og bekostninger. Når de 10 år er gått skal pladsen igjen tilfalde gården Ertsgaard.”

Frå same året er også ei kontrakt om jordbyte mellom søndre Ersgaard og nordre Ersgaard, som gardane her er kalla:

”Kontrakt”:

Dat. 7. oktober 1773, tgl. s. d.

Iver Torgersen Ersgaard på den ene og Christen Pedersen Ersgaard på den anden side begge av Fåbergs prestegjeld har indgått eftermeldte jordbytte nemlig at Iver Torgersen fra sin odels eiende gard Søndre Ersgård av skyld 2 huder 2 skind bortbytter 3 jorder haldet Huusgaarden, Smideløken og Trætløcken til Christen Pedersen mot at han av hans eiende odelsgård nordre Ersgård av skyld 2 huder 2 skind bekommer 2 jorder kaldet Postgaard og Rønningen, og det således at begge bekommer deres tilbyttede jorder til odel og eiendom. Desuten har de delt mellom dem en deres gårder tilhørende slottetgård kaldet Bue, hvorav Iver Torgersen har bekommet den søndre del og Christen Pedersen den nordre.”

I 1776 finn ein plassen Ersgardshaugen atter omtala. Iver Ersgaard hadde da innstemnt Asbjørn Nordre Ersgaard m.fl. fordi dei hadde rive ned og ruinert gjerda kring husmannsplassen Ersgardshaugen. – Frå same året er og ei kontrakt mellom Iver Ersgard og Christen Sorgendal om eit kvernhus i Mesnaelva. Same året gav og Peder Nordre Ersgard skjøte til Iver Søndre Ersgard på Nordre Ersgard av skyld 2 huder 2 skinn for sum 740 rd. Tretten år seinara hadde Iver Torgersen framleis odel i Ersgårdsgardane. Men den 1. april 1780 gav han skjøte til Peder Eriksen Sørhove på grd. Ersgaard av skyld 3 huder 4 skinn for 2 200 rd., men enda var ”ødegaarden Bue” unntatt i handelen. Kjøperen Peder Eriksen hadde Ersgard av skyld 2 huder 4 skinn i 5 år..Da skjøte han i 1794 grd. Ersgard til Erik Iversen for kjøpesum 2 500 rd. Året etter fekk derimot Peder Eriksen skjøte frå søster si, enka Kari Eriksdtr., på grd. Nedre Ersgard av skyld 1 hud for sum 1 000 rd.

Etter dette var det ved folketellinga i 1801 fem familier som budde på Ersgard og 7 familier som budde på Bu. Det var:

På Ersgard: 1. familie: Erich Iversen, husbonden 33 år, 2. Berit Christophersdtr., kona hans, 20 år, 3. Iver Iversen, tenestkar, 22år. 4. Johannes Iversen, tenestkar, 19 år, 5. Thorger Iversen, tenestkar, 29 år, 6. Christen Christensen, tenestkar, 18 år. 7. Christen Hansen, tenestgut, 12 år, 8. Ingebor Iversdtr., tenestkvinne, 23 år, 9. Anne Johansdtr., tenestkvinne, 19 år, 10. Sigrid Larsdtr., tenestkvinnem 21 år, 11. Kari Erichsdtr., mor til husbonden, føderådskone, 54 år, 2. familie: 1. Lars Rasmusen, husmann med jord, skomaker, 28, 2 Kirsti Pedersdtr., kona hans, 22 år, 3. Anne Lisbeth Svendsen, mor til kona, ”nyder Lægd av Sognet”, 68 år. 3. familie: Knut Hansen, husmann med jord, soldat, 29 år, 2. Eli Larsdtr., kona hans, 26 år, 3. Anne Knutsdtr., dotter deres, 2 år. 4. familie: Christen Christensen, husmann med jord, 58 år, 2. Kari Andersdtr., kona hans, 3. Amund Christensen, son deres, 14 år, 4. Ragnild Pedersdtr., tenestkvinne, 62 år, 5. familie: 1. Halvor Arnesen, husmann med jord, 50 år, 2. Ragnild Olsdtr., kona hans, 49 år, 3. Anne Halvorsdtr., dotter deres, 11 år, 4. Ole Halvorsen, son deres, 5 år.

På Bue: 1. familie: Peder Erichsen, husbonden, 41 år, 2. Eli Iversdtr., kona hans, 34 år. 3. Kari Pedersdtr., dotter deres, 3 år. 3. Iver Olsen, tenestkar, 23 år, 4. Kirsti Pedersdtr., tenestkvinne, 19 år. 2. familie: 1. Jon Olsen, dagarbeider, soldat, 27 år, 2. Marit Pedersdtr., kona hans, 26 år, 3. Marit Jonsdtr. 8 år, 4. Ingebor Andersdtr. enke, føderådskone, 69 år. 3. familie: 1. Simen Johansen, innerst, skomaker, 40 år, 2. Mari Knudsdtr., kona hans. 36 år, 3. Arne Simensen, son deres, 11år. 4. Rønnaug Simensdtr., 6 år, 5. Berit Simensdtr., 3 år, 6. Amund Christensen, skomakerdreng, 14 år. 4. familie 1. Ole Jacobsen, husmand med jord, 80 år, 2. Anne Olsdtr. kona hans, 62 år. 5. familie: 1. Lars Eriksen, innerst, dagarb. 59 år, 2. Anne Olsdtr. kona hans, 59 år, 3. Christen Larsen, son deres, 12 år. 6. familie: 1. Lars Engebretsen, innerst, knappmaker, 42 år, 2. Martha Olsdtr., kona hans 42 år. 3. Ingeborg Larsdtr., dotter deres, 19 år. 7. familie: 1. Christian Jonsen, ”gaaer i Dagleie”, 50 år, 2. Rønnaug Olsdtr., dotter deres, 12 år, 4. Randi Christiansdtr., 7 år, 5. Sidsill Pedersdtr., enke, legdkvinne, 66 år.

Ein merker seg at det her på Bu var fleire som sikkert dreiv med handarbeid, truleg knapparbeid.

Frå same året, altså 1801, er ei rettssak utanom det vanlege. Saka var fore ved ekstra rett og er etter utskrift av tingboka referert slik:

”Fåberg 30. april 1801.

Ekstra rett til forhør ang. falske specie otteskillinger.

De innsevnte, Peder Bue eller nedre Ersgård, Lars Skårset, Simen Jørstad, Iver Lysgaard, Ole Kurud, Smed (hestlækjar og hovsmed) og Klokker Bjørnsgaard vedtok og bekreftet sine forklaringer ved forhøret den 31te aug. 1799, som blev opplest for dem. Fogden begjærte forhøret sluttet og beskreven meddelt.”

Peder Eriksen Sørhove seinare kalla Peder ell. Per Bu, var fødd i 1760 gift med Eli Iversdr. Ersgaard. Dei fekk 7 barn. Det var:

1. Erik f. 19/2 1790, død 24/10 1790,
2. Erik f. 28/12 1794, d. 11/9 1797,
3. Karen f. 22/4 1798,
4. Anne f. 25/4 1801, gift 1831 med Kristen Bernhard Bjørnsgaard,
5. Erik f. 24/3 1804, g. 1829 m. Else Kristine Bjørnsgaard,
6. Berte f. 11/4 1896 g. 1832 m. Ole Pedersen n. Kraabøl,
7. Ingeborg f. 18/4 1809, g. 1832 m. Peter Vilhelm Lorange.

Peder Eriksen Bu var ein evnerik og aktiv mann, som kunne arbeide både raskt og godt. Han var til sine tider stor gardbruker og hadde mye å stå i, men ved sida av dette hadde han også andre interesser, ikkje minst for maskiner og mekanikk. At han var en fordomsfri mann viser t. d. ein slik ting som at han let også den tredje sonen sin døype Erik, etter at to søner med dette namnet var døde før. Det var denne tredje sonen, Erik Bu f. 1804, som vart den namnspurde meistemekanikaren Erik Bu, som t. d. grunnla Mesna Bruk på Lillehammer. I ei sak av 1814 er Peder Eriksen kalla Peder Bu også i tingboka. Men i 1823 er han Peder Eriksen att, da han s. å. gav skjøte til verson sin Ole Kraabøl på garden Bu med nedste Ersgard
Frå 1809 finn ein husmannsplassen Sagenga under garden Bu omtala såleis:
”

Paategning Dat. 1809, april 14. Tgl. 1800, juli 26.

Paa en imellem Iver Torgersen Ersgaard og Ole Jacobsen husmann under Gaarden Ersgaard, inngaaet Kontrakt - - hvilken Paategning lyder saaledes: Fra 14. april 1809 er denne Kontrakt forandret dertil at af mig Anne Olsdr. Enke efter Contrahenten Ole Jacobsen paa den ene og nuværende Eier af Ejer af Bue eller Nedre Ersgard Peder Eriksen paa den anden Side således:
1. Jeg Anne Olsdr. oplader Bue Gaard og fratreder min sal. Mands contraherede Plads Saugengen under Bue Gaard til dens Ejer Peder Eriksen, hvoraf følger at ei allene Huslejen, som ovenstaaende Kontrakt bestemmer, ophører, men endog tilstaaer mig vilkår av nedre Ersgaard.”

Frå 1812 tek vi og med ei tinglyst sak som her kan vera av interesse:

”Ersgaard i Faaberg.

6.oktb. 1812.

Erich Iversen Ersgaard fremla en stevning hvorved han attrår tingsvidne ang. En dragonhest som han har mistet ved høstmanøvrene på Toten.

Som første vidne møtte dragonen som hadde brukt hesten. Han svarte på fremsatte spørsmål og forklarte at han under eksersisen hadde merket at hestens venstre forben var brukket. Han hadde meldt det til ritmesteren og hesten blev skutt. Vidnet mente at hesten måtte være verd minst 1000 rd. Han hadde hørt det var betalt 1250 for den. Da det omprovede hendte, red han

og de øvrige dragoner i skridt på flat vei. Fleire frivillige møtende vidner ble avhørt. Tingsvidnet sluttet.”

Om ein synes dragonhesten vart høgt taksert, må ein hugse at det var i inflasjonsåret 1812.

Av 9. mars 1815 er ei sak frå Bu i Fåberg, ei sak som og kastar lys over tid og tilhøve:

”Bu i Fåberg.

9. mars 1815.

Enken Anne Olsdtr. Bue kontra Peder Bue ang. resterende føderåd. Dom: Anne Olsdtr. har innstevnt Peder Bue for resterende føderåd til 14. april 1814 + erstatning for den lange henstand. Innstevnte har tilstått at han plikter å levere Anne Olsdtr. 3 td. blandkorn, som han tilbød å levere henne kort etter 14. april 1814, men som hun da nektet å motta utan med den seksdobbelte verdi, som erstatning for at det ikke ble levert 14. april. Kjennes for rett: Peder Eriksen Bue bør levere 3 tønner blandkorn til enken Anne Olsdtr. Bue, eller i mangel derav kornets verdi på den tid det skulle leveres. Omkostningerne oppheves.

I 1819 kom det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om matr.nr. 175 Ersgard fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 5 hestar, 24 storfe, og den årlege kornavlinga utgjorde 80 td. For matr. nr. 182 Bu var dei tilsvarande tal 2 hestar, 11 storfe, og kornavlinga utgjorde 40 tdr. Det er oppgitt at på bu var det da 2 husmenn og på Ersgard 4 husmenn. – To år seinare gav i 1821 Nils Olsen Brubakken skjøte til Ole Nilsen på ”gaardeplassen Reiret” for 100 spd. Etter atter to år selde i 1823 Peder Eriksen grd. ”Bue med nedste Ersgaard til Ole Kraabøl, og 10 år seinare skjøte Peder Bue til sønnen Erik Pedersen (meistermekanikaren Erik Bu). Med i handelen følgde da ”et Møllebrug paa Lysgaards Grundved Mesna Elv.”

I 1826 kom ein ny og framand mann til Ersgard. Det var ritmeister August Carl Bruenech, som da kjøpte Ersgaard av skyld 3 huder 3 skinn og samtidig gav føderåd etter kontrakt til Erik Iversen og hustru. Ritmeister Bruenech hadde framleis garden i 1838. Ved matrikuleringa av gardane og justering av matr. skylda vart skylda på Ersgard da omrekna til 3 ort 18 skill. Samtidig vart matr.skylda av løpenr. 185 Bue eller nedre Ersgaard sett til 5 skylddalar 15 skill. Det er da opplyst at Erik bu budde på løpenr. 185b Bue, som det der er skrive. Elles var det Ole Pedersen som var oppsittar på løpenr. 185a Bue eller nedre Ersgaard. Nytt matrikelnr. 145 Reiret (skrive Reret) av skyld 4 ort 7 skill. Var det Ole Nielsen som hadde.

Ritmeister Bruenech hadde Ersgard til 1857. Da selde han garden til Amund Arnesen Hesbøl for 7200 spd. Frå året 1859 er eit kommisjonsforlik mellom A. Hesbøl og Asbjørn Hansen om husmannsplassen Haugen under Ersgard, som Asbjørn hadde fått bygsel på 1857.

År 1859 er elles det same året som det var utskifting av seterskogen ved Melsjøen seter. I denne tid selde elles i 1860 A. Hesbøl parsellen Ersgardsrønningen og ein ekstra hovudbygning til Erik Bu for tilsm. 1000 spd. – To år seinare var det i 1862 skylddelingsforretning på matr.nr. 144 Bue med nedste Ersgard og hemsetra Sjøsetra vart da fråskilt garden og skyldsett til 19 skill., og samtidig fekk Asbjørn Holme auksjonsskjøte på garden Bue med Ersgaard for kjøpesum 300 spd. Med i denne handelen var da ”Hjemmesetern Sjøseteren kaldet”.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det opplyst om Ersgard at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid var: 1. På hovudbruket Ersgard 247 mål, og av dette var 135 mål jord av 1. klasse, 2. På Ersgardsrønningen, som Erik Bu da hadde: 42 mål med 9 mål jord av 1. klasse. På løpenr. 185 Bue var dei tilsvarande tal: Hos Ole Pedersen: 80 mål og 7 mål, og hos Asb. Holme: 28 mål og 3 mål. Samtidig er der oppgitt at husdyrhaldet og utsæden på desse gardane var: 1. På Ersgard med 3 husmannsplassar: 6 hestar, 22 storfe og 27 småfe, utsæd: 16 tdr. korn og 28 tdr. settepoteter, 2. På Rønningen og Reiret hos Erik Bu: 1 hest, 5 storfe, 7 småfe, og av utsæd: 4 tdr. korn og 4 tdr. settepoteter.

På matr.nr. 113 ”Bue, deraf et Skogstykket i Sjøsetermarken og et Engestykke” var det i 1873 skyldsettingsforretning og samtidig gav Ole bue, med beskikket verge K. J. Dahl, skjøte frå eigedommen til DHrr. Sigvard C. Svenkerud, Ole Sætre og O. Løvmo for 3300 spd. – fire år seinare gav og i 1877 Erik bu skjøte til lastehandlar Ole Hansen på ”Bue samt Reret og Ertsgaardsrønningen for Kjøbesum 12000,00 kr. (ell.hvis Reret og Bue skulle blive indløste ved odel, 10000,00 kr.)”

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gardsnummer og bruksnummer og ny matrikkelskyld. Ersgard i Fåberg fekk da gardsnr. 49 av skyld 17,83 mark, og det var i 1886 enda berre eitt bruksnr. under gardsnr. 49 Ersgard gr.nr. 49, br.nr. 1 Ersgard, av skyld 17,83 mark, som Amund Hesbøl også da åtte ell. brukte. Dessutan er i matrikkelen av 1886 innført under gardsnr. 57 Bu (Nedre Ersgard) med samla skyld 2,26 mark: Bruksnr. 1 Bu, skyld 0,39 mark, eigar ell brukar: Ole Pedersen Bergesveen, br.nr. 2: Bu, skyld 0,17 mark, eigar ell. brukar: O. Hansen, br.nr. 3 Sjøseteren. Skyld 0,39 mark, eigar ell. brukar: Asbjørn J. Holme, br.nr. 4 Skog i Sjøsetermarken og Eng, skyld 1,02 mark, eigar ell. brukar: S. C. Svenkerud, Ole Sætre, Ole Løvmo, br.nr. 5 Hagen, skyld 0,28 mark, eigar ell. brukar: Dreier (seinare pipefabrikant Gudbrand Larsen), br.nr. 6 Skog, skyld 0,01 mark, eigar ell. brukar: Hans Pedersen. Erik Bu var da framleis eigar ell. brukar av gardsnr. 58 Reiret av skyld 0,87 mark, der Tor Sme og budde.

I 1892 gav så A. Hesbøl skjøte til fabrikk eigar Chr. Bjerke på Ersgard av skyld 17,83 mark for kjøpesum kr. 43500,- ”og ret for Sælgeren til at erholde frit Hus på Melsjøseteren i 2 a 3 uger hver sommar”.

Ved eit attersyn finn ein vidare at det er grunn til å nemne at på gl. matr.nr. 111 og 113 Bue med nedste Ersgard vart i 1876 fråskilt ein parsell Bueshagen av skyld 1 ort 20 skl., og same året gav skifteforvaltaren i Ole Bues dødsbu skjøte til Ole Pedersen Bergesveen på setra Melsjøen av skyld 1 ort 4 skl. for 275 spd. Det var da ”den eneste gjenværende del af gaarden Bu”. Same året, altså 1879, fekk og kunstdreiar, seinare pipefabrikant Gulbrand Larsen auksjonskjøte på grd. Bue med Bueshagen for kjøpesum 250 spd. Dette bruket hadde elles pipefabrikken G. Larsen til i 1891, da han selde det til Lars Olsen Storhagen for 1800 kr. – I 1894 gav Henrik Lømo i Elverum tinglyst fullmakt til H. Berger til å handle på hans vegne. Det førde vidare til at 31. mai s. å. gav så H. Berger skjøte til hotelleier O. P. Krogstie på Bue med Sjøsetermarka for sum kr. 7000,-. Seks år seinare selde i 1900 skifteforvaltaren av O. P. Krogsties fellesbu denne og 7 andre eigedomar i Fåberg for tilsm. kr. 84000,-. To år seinare, altså i 1902, selde før nemnde lastehandlar Ole hansen sin part av Bu til sonen sin hans Randgaard for kr. 500,-.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at gr.nr. 49, br.nr. 1 Ersgard var seld til adv. Heiberg, A. H. Jestnes og Børre Vik. I 1904 vart vidare gr.nr. Stenseng skyldsett

ifrå og selt til Lars Ringen, og br.nr. 6 Karenbakken vart i 1906 seld av A. H. Jestnes og B. Vik til adv. Heiberg for kr. 2000,-.

I dei kommunale manntal frå denne tida er det elles opplyst at i 1901 var det enda 3 husmenn på Ersgard. Det var: 1. Lars A. Ringen, som da var 40 år, 2. Kr. Haugen, 45 år og 3. Even J. Sveen, 46 år.

Vidare budde Lars Iversen, 78 år, på Karenbakken. I 1907 er det dessutan opplyst at Bernt Kr. Dahl, som da var eigar og brukar av Ersgard, var 43 år, og kona hans, Eli Simensdtr., var 36 år. Anne Maurud, 42 år, hadde da pensjonat på Ersgard.

Fire år seinare gav i 1911 B. Dahl skjøte til Gudbrand Haugen på gr.nr. 49, br.nr. 4 Haugen av skyld 0,56 mark for kr. 3000,-. I dette skjøtet er elles gjort atterhald at eigaren av Ersgaard skog skal ha rett til å legge tømmer på Toveitholmen, dessutan rett for seljaren til ei byggetomt med veigrett på same holmen, og vidare rett for eigaren av "Ersgaard eller Abortjern" til å grava ei grøft frå tjernet. – Same året, altså i 1911, gav og Th. Enger skjøte til Arne Færden på gr.nr. 57, br.nr. 4 Bu med skog i Sjøsetermarka og fleire andre eigedomar for tilsm. kr. 116000,-. Skjøtet er datert 1. og tinglyst 6. februar 1911. To år før hadde Hans randgaard i 1909 gitt skjøte på gr.nr. 57, br.nr. 2 Bu til Erik Skjerven for kr. 400,-.

Av handlar med desse gardane eller parsellar av dei i seinare tid tek vi vidare med dette: I 1912 skjøta Lars O. Storhagen gr.nr. 57, br.nr. 5 bu, Hagen til Even Johansen Ersgaardssveen. I 1919 kjøpte Kristian Haugen gr.nr. 49, br.nr.5 Haslund, og fire år seinare kjøpte i 1923 Østen Pedersen br.nr. 6 Berglund. Vidare kjøpte Finn Wollebæk i 1926 br.nr. 7 Enebo av skyld 0,05 mark.

Etter dette var det i 1939 blitt 7 bruksnr. under gardsnr. 49 Ersgaard. Av desse 7 bruksnummer var det likevel berre 3 bruk som ved jordbruksregistreringa same året som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Gr.nr. 49, br.nr. 1 Ersgaard, med eit jordbruksareal på ca. 130 mål, der Bjørn Sand da var eigar og brukar, b. br.nr. 2 Stenseng, areal ca. 20 mål, eigar og brukar: Kr. L. Stenseng, c. br.nr. 4 Ersgårdshaugen, areal ca. 30 mål, eigar og brukar Karl Haugen.

Under gardsnr. 57 Bu var det da registrert 2 bruksnr. Det var: a. Gr.nr. 57, br.nr. 3 Sjøsetra, jordbr. areal: Ca. 20 mål, eigar og brukar Otto Askjellerud, b. gr.nr. 57, br.nr. 5 Storhagen, jordbruksareal ca. 30 mål, eigar og brukar Erik Storhagen.